

AREAL: 476 km<sup>2</sup>  
FOLKETAL: 13 778

# LINDÅS

**D**et store området som utgjør Lindås kommune i dag, var i tidlegare hundreår delt mellom tre ulike skipreider: Eikanger, Lindås og Olundfit. Olundfit omfatta i hovudsak Alversund og Seim (Ⓒ433). I 1837 vart kommunegrensene trekte etter prestegjeldsgrensene. Hamre og Hosanger prestegjeld omfatta områda på begge sider av Osterfjorden. Hamre omfatta også Alversund og Meland kyrkjesokn, medan Hosanger strekte seg frå Seimssokna til Dyrkollbotn. Lindås prestegjeld omfatta då Lindås, Masfjorden, Austrheim og Fedje. I 1879 vart Masfjorden skilt ut som eigen kommune. Det same var tilfelle for Austrheim og Fedje i 1910. Den nye Lindås kommune, frå 1964, er ei samanslåing av ei rekkje kommunar og kommunedelar: Lindås med Titland krins av tidlegare Sæbø kommune; heile Alversund; Hamre og Hosanger sine område nord for Osterfjorden; og gardane Dyrkollbotn, Nipa og Eiterdalen frå Modalen. Alversund hadde vore eigen kommune og prestegjeld frå 1885, då soknene Alversund og Meland vart skilde frå Hamre, og Seim vart skilt frå Hosanger (Ⓒ448).


Dei vide lynchheiane og torvmyrane i dei ytre delane av Lindås er næraste nabo til raffineriet på Mongstad. Torvmyrane og dei djuptliggjande oljelaga representerer same vegetabiliske energiresurs, men i ulike stadium. På nattestid ligg Mongstad som eit soria-moria-slott i landskapet – eitt av dei største oljeraffineria i Europa og eit energipotensiale av enorme dimensjonar – til kjeldene er tømde. □

## LINDÅS

Lindås er eit namn som det er lett å forstå, men ikkje alle årar der det veks lind vert heitande Lindås. Verås inneheld vēr «vêrlag», og også Alver kan tolkast meteorologisk, jf. islandsk alviðra «mildt vēr frá alle kantar». (Knarrvik sjå Fjell Ⓒ279.) Sisteledet i Bruknappen er knapp «rundvoren høgd», kva bru siktar til her, er uvisst. Tofting er ei samandraging av tuft og eng. Luro, ofte skrivne Lygra, heng saman med loge og tyder «den lyse». Spjøtoyni, uttala «Spjøtoynæ», er namngjeven ut frå samanlikning med eit spyd. Førsteledet i Spjeldnes er truleg same ordet som i nålespjeld «hylster for nålepute», eit ord som har vore kjent i Lindås fram til i dag. Gno. spjald vart nytta om firkanta plate, tavle o.l. Ei samanlikning ligg òg til grunn for Hodno, dativ fleirtal av horn, i forma af Hornom 1175. Vassel er usikkert, mogeleg samansett av vatn og sil «still elvestrekning». Hundvin kjem helst av dyrenamnet hund og vin «engslette». Låtrebogane er samansett av gno. låtr «liggjestad (særleg for sel)» og gno. bugr «innbøying». Fonnebost, gno. Fornibólstaðr, tyder «gamlegarden». Risa er ei eldre fleirtalsform av ris «(kratt)skog», medan førsteledet i Bjørsvik visstnok er mannsnamnet Bjørgulv.

## BØKESKOGEN

Ved Vollom, like nord for Seim, ligg den nordlegaste bøkeskogen i verda. Her i Noreg har vi lite av dette varmekjære treslaget, og mange har spekulert på korleis det kan ha seg at det veks bøkeskog her. Forklaringa er historisk. Bøken var det siste treslaget som nådde fram til Norden etter siste istid. Han kom først til Danmark i hundreåra før Kristi fødsel og spreidde seg etter kvart nordover til Sør-Sverige og områda rundt Oslofjorden. Dette var ei vanskeleg tid for eit nytt treslag å slå rot; landet var for lengst dekt av tett skog, og mange av dei aktuelle veksestadene for bøken var under oppdyrking. Vi kan tenkje oss at kongsgarden på Seim kan vera noko av grunnen til at det voks fram ein bøkeskog her vest.



**PÅ RAUD GRUNN  
EIT SØLV  
LINDETRE**

*Våpenet er godkjent ved kgl. res. 4.5.1979, teikna av Magnus Hardeland. Kommunen har teke namn etter prestegarden, som har namn etter ein ås med lindeskog. Ellers veks det lite lind i kommunen.*

